

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I AARDALENS VENNER.

Aardalens Venner

Årsmøte 2016



Stad: Biblioteket i Selje

Dato: 26. februar 2017

Tid: 18.00

Frammøtte: Tormod Austring, Per Arne Berge, Magnar Osmundsvåg, Unni Eltvik Hovden, Atle Nøstdal, Paula Sandnes, Terje Hovden og Wenche Leknesund.

Wenche Leknesund ønske velkommen til møtet.

Saker som vart handsama på årsmøtet:

1. Godkjenning av innkalling

Innkalling til årsmøtet var sendt ut på facebookside for styret i Aardalens Venner, og på den opne gruppa for medlemmer. I tillegg var det sendt ut innkalling til dei medlemmane som hadde betalt årsavgift for 2016, på SMS og e-post.

Ingen merknader, innkallinga godkjend.

2. Val av ordstyrar og møteskrivar

Wenche vart vald som ordstyrar og møteskrivar. Samrøystes.

3. Godkjenning av årsmelding frå styret.

Terje las årsmeldinga. Samrøystes godkjend.

4. Godkjenning av revidert rekneskap for 2016

Terje las opp revisjonsmeldinga og gjekk gjennom resultatrekneskapen.

Inntektene i 2016 var kr 1.728,- høgare enn utgiftene. Totale inntekter var kr 2.823,- og totale utgifter var kr 1.095,-.

Behaldning pr. 31.12.2016 var kr 27.776,54.

Rekneskapen vart samrøystes godkjend.

5. Budsjett / kontingent/ arbeidsprogram

Det er ikkje sett opp budsjett for 2017. Aktiviteten må tilpassast økonomien i laget.

Kontingenten vart bestemt uendra. Kr 100,- for enkeltmedlem, kr 200,- for familie, kr 500,- for bedrift.

Aktivitet for 2017 : Kårhuset står for tur, og vil verte prioritert i år. Presenning må fjernast, og råteskade utbetrast. Ny kledning/tak.

6. Innkomne saker

Ingen innkomne saker.

7. Val av styre

Per Arne Berge og Wenche Leknesund har begge sagt ja til attval - 2 år.

Siw Fure - opprykk frå 1. vara til ny styremedlem.

Sissel Honningsvåg Solheim – vara (går inn for Siw Fure) - 1 år.

Atle Nøstdal og Terje Hovden har sagt ja til attval – begge for 2 år.

Samrøystes.

8. Val av revisorar

Håkon Berstad og Inge Bakke - begge tek attval - 2år. Samrøystes valde.

9. Val av valnemnd

Unni Eltvik Hovden - attval - 2 år

Paula Sandnes - 1 år.

Valet vart godkjend ved akklamasjon.

10. Eventuelt

Forslag til aktivitetar i Årdalen 2017. Ein må prøve å få til arrangement der ein kan få inn midlar til nødvendig utbetring av bygningar. Aktuelt:

- Få opprette ei dugnadsgruppe som kan vere med å arrangere slik at ikkje alt fell på medlemmane i styret
- Open dag med grilling, omvising, guiding
- Bålfest, jonsokfeiring
- Vurdere tilbod til bedrifter om utflukter, guiding, ev. lett servering mot vederlag
- Sende ut e-post til forskjellige firma/stiftelsar med tilbod om medlemskap eller anna støtte til laget
- Få lage eit manus til guiding om historia til huset og garden
- Tilby guida tur for skuleklasser for å ta vare på historia
- Medlemskontingent: Oppmoding om å betale vert lagt ut på facebookside og/eller e-post

Alle aktivitetar som vert planlagt skal vere i samråd med inngått avtale med eigarane.

Møte slutt kl. 19.30.

Wenche Leknesund
referent